



Topp stemning med Trio de Janeiro i Dønhaugkjellaren

Det skal mykje til at nokon av dei mellom 40 og 50 gjestene på Dønhaugkjellaren angra på at dei hadde teke ut denne fredags kvelden. Frå Trio de Janeiro byrja å spela kl. 21.30 til dei ga seg om lag kl. 00.15, fekk me servert ein forrykande og dyktig gjennomført meny.

Fyrste avdelinga inneheldt stort sett det me forbind med "latinjazz" - (samba, bossa nova og liknande rytmar), medan andre delen var meir variert, med innslag av meir følsamt solospel, og mindre sjangerbunde stoff - utvilsamt ei smart løysing for å gje til beste også andre sider av kva muskarane er gode for, og i tillegg variera menyen. Det vart ein svært god kjemi under vegs, og ekstranummer måtte til før dei fekk gje seg.

Trio de Janeiro - berre namnet ber bod om at det finst ein eller annan som leikar med ord i bandet. Tom Lund, bandets gitarist batt det heile saman på ein humoristisk måte, og serverte det eine ordspelet etter det andre under vegs. Mellom anna presenterte han vokalisten, Anne-Marie Giørtz, som ein av landets leiande på rytmeegg, og kunne ikkje dy seg for å leggja til at ho var bandets eggeliar. Ho song godt og variert, og synte at ho lika seg godt i bandet. I tillegg hadde me inntrykk at både ho og resten av besetninga og lika seg i Dønhaugkjellaren. Attende til Tom Lund: I tillegg til publikumskontakten var han eit fenomen på gitaren, både i soloparti under vegs, og på nokre nummer der han presenterte nokre stykke aleine med gitaren. Her fekk me både kjent stoff, som til dømes Cavatina (kjend frå Hjortejegeren) og sjølv laga stykke, noko som synte stor breidd i temperament. Det ville vera urettvist å ikkje nemna dei andre muskarane - alle svært dyktige, og med stor speglede. På alt- og tenorsaksofon vart me kjende med Tor Ytredal frå Stord. Han hadde nokre solopassasjar som kunne ta pusten frå nokon kvar, og lokka fram tonar som ein ikkje får til fyrste året ein spelar instrumentet. Perkusjonisten, Stein Inge Brækhus, heldt ein støy rytme, og i solopartia ga han til beste tempo- og rytmevariasjonar som gledde ialfall underteikna. Sveinung Hovensjø hadde seks strenger på bassgitaren, og bruka alle. Ein støy og variert bass gir god fylde i musikken, og han fekk og vist seg fram i nokre gode soloar. Cavaquinhoen (eit portugisisk ukuleleliknande instrument) tok han ikkje fram denne gongen.

Eg vil likevel dra fram det sjeldant gode humøret og spegleda i bandet. Har ein det, kan ein sjølv sagt sleppa unna med mykje, men eg meiner at her var det variasjon, dugskap og musikalitet som gjorde at ialfall underteikna set Trio de Janeiro i ei klasse for seg når det kjem til band ein bør oppleve.

Til slutt må det rettast ein stor takk til arrangøren, Husnes Jazzklubb. Dei får tak i mange gode muskarar, og denne femmannstrioen høyrer til mellom dei beste av kontaktane deira.

Til dykk som ikkje var der: Møt fram neste gong!

Tekst: Svein Rimestad
Arkivoto: Husnes jazzklubb
Nett: Thor Inge Døssland